

Olav Skeie Lid
Steinsdalsvegen 331
5600 Norheimsund

Til
Kvam kyrkjelege fellesråd
Postboks 39
5600 Norheimsund

OPPSEIING

Eg seier med dette opp mi stilling som kyrkjeverje i Kvam med verknad frå 1. mai 2027.


Eg ynskjer å retta ei stor takk til fellesrådet som har gjeve meg denne tilliten, og som tok sjansen på ein ufaglært mann i denne stillinga.

Det har vore gode og ikkje minst lærerike år, heilt frå starten i 2011. Utfordringane har vore mange, men har alle funne si løysing. Ein uvurderleg stab av gode menneske har vore grunnplanken i heile perioden. Fellesskapet med staben er noko av det eg kjem til å sakna mest.

Men også fellesrådet har vore ein god arena, med respektfulle samtalar, og vilje til konsensus gjennom alt. Med 4 ulike sokn som arbeidsgjevarar, vil krysskonfliktane vera mange, ikkje minst inn mot ein svak fellesøkonomi. Men viljen til heilskapleg tenkjing har vore overordna hos fellesrådet heile tida. Det har letta arbeidet som kyrkjeverje betydeleg., og gjort samarbeidet vårt smidig og respektfullt.

Takk for meg!

Norheimsund, 01.09.2026

Med takk!

Olav Skeie Lid
kyrkjeverje i Kvam